

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
085/2015	Formannskapet i Radøy	PS	12.11.2015
093/2015	Formannskapet i Radøy	PS	26.11.2015

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	15/1768	15/12742

Søknad om støtte til skyteanlegg i Stokkedalen - 100 m riflebane

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Radøy skyttarlag søker Radøy kommune om kr 350 000 i støtte til å byggja 100 meter rifleanlegg ved skyteanlegget i Stokkedalen. Bygging og drift av anlegget er eit samarbeid mellom Radøy skyttarlag, Radøy sportsskyttarlag og Nordhordland jakt- og fiskelag.

Planane for bana er at den skal vera eit aktivitetsanlegg for DFS-skyting, sportsskyting, jaktskyting og friluftsliv. Anlegget erstattar skytebana ved Svartetjørna, i nærleiken av Manger, som ikkje lenger er føremålstenleg å bruka. Med det nye skyteanlegget i Stokkedalen ventar skyttarlaget større aktivitet og auka interesse for skyting.

Totalkostnaden for anlegget er kr 1 718 750. Det er søkt om kr 575 000 i spelemidlar, og verdien av dugnadsarbeid er venta å utgjera kring 570 000 kroner. Resten er tenkt finansiert gjennom egne midlar, tilskot frå viltfondet og kommunale tilskot. Skyttarlaget vil også søkja sponsormidlar til anlegget.

Radøy idrettsråd har hatt søknaden til uttale og vedtok i møte 12. oktober 2015 at dei støttar søknaden.

Vurdering

Rådmannen ser behovet for ny skytebane, og er samd med at ein nytt, flott anlegg kan føra til auka aktivitet og større interesse for skyting.

Kommunen sin økonomiske situasjon er likevel slik at at det ikkje er rom for å gje tilskot til skytebana i Stokkedalen over driftsbudsettet. Kommunestyret gjorde i sak 019/2015 vedtak om at kommunen ikkje skal gå inn på eigarsida på idrettsanlegg, men at kommunen, i den grad det er naudsynt for kommunal drift, kan inngå leigeavtalar. Slike leigeavtalar kan førast som investering. Tilskot til idrettsanlegg er såleis berre aktuelt å gje gjennom leigeavtalar, slik det er gjort for fotballbana i Grønålen.

Rådmannen si vurdering er at Radøy kommune pr i dag ikkje har behov for å bruka skyteanlegget i Stokkedalen i kommunal drift. Radøy kommune kan difor ikkje inngå leigeavtale med Radøy skyttarlag for skyteanlegget.

Konklusjon

Radøy kommune har ikkje økonomi til å gje tilskot til skytebana i Stokkedalen over driftsbudsjettet.

Kommunen går ikkje inn som medeigar i anlegg for idrett, skyting eller liknande. I den grad det er naudsynt for kommunal drift, kan kommunen inngå leigeavtale med slike anlegg. Radøy kommune har pr i dag ikkje behov for å leiga skyteanlegget i Stokkedalen til kommunal drift. Søknaden frå Radøy skyttarlag om kommunalt tilskot til skyteanlegget i Stokkedalen kan difor ikkje innvilgast.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune gjev avslag på søknaden frå Radøy skyttarlag om tilskot til bygging av 100 meter riflebane på skyteanlegget i Stokkedalen.

Formannskapet i Radøy - 085/2015

FS - handsaming:

Formannskapet drøfta saka. Det vart frå fleire uttrykt ønskje om kommunalt bidrag til skyteanlegget i Stokkedalen, og at ein ønskjer å vurdere saka i budsjetthandsaming.

Ordføraren kom med framlegg om å utsetja saka til neste møte. Formannskapet slutta seg samrøystes til ordføraren sitt framlegg.

FS - vedtak:

Saka vert utsett.

Formannskapet i Radøy - 093/2015

FS - handsaming:

Leiaren i Idrettsrådet, Bjørn Ove Myking, ba formannskapet ta med i vurderinga at skytebaneanlegget i Stokkedalen er eit nytt anlegg, som ikkje har fått kommunalt tilskot før. Formannskapet ønskjer å bidra til realisering av skyteanlegget i Stokkedalen, som Radøy skyttarlag har søkt kommunen om midlar til. Kommunen sin økonomi er så trong at det ikkje er råd for eingongstilskot i den storleiken skyttarlaget ber om. Formannskapet går inn med ei kommunal løyving som gjer det mogleg for laget å sikra finansieringa. Kommunestyret legg vekt på at dette er ei førstegangsetablering av anlegg.

Ordføraren sette fram følgjande fellesframlegg til vedtak:

Radøy kommune løyver tilsaman kr 300.000,- i støtte fordelt over fire år frå 2016. Kommunen vil bidra aktivt til å søkja finansiering frå andre aktørar. Kommunestyret stiller seg positiv til ein evt. søknad om kommunal garanti for lån.

Formannskapet vedtok samrøystes fellesframlegg i møtet.

FS - vedtak:

Radøy kommune løyver tilsaman kr 300.000,- i støtte fordelt over fire år frå 2016.

Kommunen vil bidra aktivt til å søkja finansiering frå andre aktørar. Kommunestyret stiller seg positiv til ein evt. søknad om kommunal garanti for lån.

Vedlegg:

Søknad om støtte - Stokkedalen skyteanlegg

Kostnadsoverslag

Referat møte i idrettsrådet 12. oktober 2015